

## **Eit godt immunsystem kan hindre kreft**

*Av Ragnhild Dårflot Olsen*

I enkelte tilfelle kan immunforsvaret vårt forhindre tidleg utvikling av kreft, medan det i andre tilfelle kan manipulerast til å angripe kreften som alt har utvikla seg. Dette er hovudtema for Immunologiens dag 2009.

Immunologiens dag er ei årleg markering som sikter mot å auke allmennheita si bevisstheit om tydinga av forskning på immunsystemet, og å auke kunnskapen om immunsystemet sin viktige rolle i vår helse og velferd. Årets tema er "Immunforsvaret og kreft - frå forskning til klinikk". Dagen blir arrangert av Norsk Selskap for Immunologi (NSI).

Kvifor har organtransplanterte høgare risiko for å få kreft? Korleis kan stamcelletransplantasjon gje immunsystemet kapasitet til å bekjempe sjølv dei mest aggressive kreftsjukdommane når forholda blir lagt til rette?

Den mykje diskuterte HPV vaksinen vil bli presentert av ein av leiarane av studien som vart delvis gjord i Bergen, Prof. Ole-Erik Iversen. Saman med andre forskarar frå Haukeland universitetssjukehus og Universitetet i Bergen vil han presentere immunforsvaret sin viktige rolle i kampen mot kreft under Immunologiens dag 29. april.

På programmet står også eit foredrag med Anne Lise Ryel, generalsekretær i Kreftforeningen. Ho skal snakke om Kreftforeningen sin rolle i norsk kreftforskning. Forsking er nødvendig for å auke forståinga av kreftceller og forbetre diagnostisering og behandling av kreftpasientar, kreftomsorg og kreftførebyggande tiltak. For 30 år sidan var tre av ti pasientar i live fem år etter at kreftsjukdommen vart oppdaga. I dag lever nesten seks av ti etter like mange år. Forsking har tvunge sjukdommar som barneleukemi, hudkreft og testikkelkreft på retur. I dag blir sju av ti barn med leukemi heilt friske.

Den europeiske immunologiforeningen EFIS innstifta "[Day of Immunology](#)" i 2005, og den første markeringa fann stad den 29. april same år. Immunologiens dag har sidan blitt gjentatt kvar vår med lokale arrangement over heile verda.